



Saksframlegg

Nytt landmålingssutstyr plankontoret investering

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		09.06.2026

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for plan og miljø

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

Plan- og miljøutvalet disponerer i budsjettet for 2026 inntil kr 100 000 av investeringsmidlane til tiltak gjennom året. Desse midlane er sett av for å kunne gjennomføre mindre, men nødvendige investeringstiltak innanfor ansvarsområdet til utvalet.

Fyresdal kommune sitt landmålingsutstyr er gammalt og har over tid vore moden for utskifting. Utstyret er i praksis utgått på dato, og det er behov for å oppgradere dette dersom kommunen framleis skal kunne gjennomføre oppmålingsarbeid på ein tilfredsstillande og effektiv måte.

Kommunen har mykje relevant landmålingskompetanse internt, men har per i dag ingen tilsett som kvalifiserer til tittelen autorisert landmålar. Kommunedirektøren meiner kravet om autorisasjon i enkelte samanhengar kan framstå som strengt, særleg sett opp mot den praktiske kompetansen kommunen faktisk har tilgjengeleg internt. Samstundes må kommunen innrette seg etter dei gjeldande krava og sikre at oppmålingsarbeidet blir utført og kvalitetssikra på ein forsvarleg måte.

Det er difor inngått ein avtale med Tokke kommune, der Tokke kommune skal bistå Fyresdal kommune med etterkontroll av oppmålingar som kommunen sjølv utfører. Avtalen er signert og godkjend, og gjeld frå 1. juni 2026.

I budsjettet for 2026 er det sett av midlar til innleige av ekstern oppmålingshjelp. Desse midlane er disponert frå ledige lønskostnader knytt til landmålarstilling. Med avtalen med Tokke kommune håpar kommunedirektøren at behovet for slik ekstern innleige kan reduserast vesentleg, ved at kommunen i større grad kan nytte eigen kompetanse kombinert med etterkontroll frå Tokke kommune.

For at denne løysinga skal fungere i praksis, er det avgjerande at kommunen har moderne og funksjonelt landmålingsutstyr.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

Kommunedirektøren vurderer at kjøp av nytt landmålingsutstyr er ei nødvendig og rett prioritering av investeringsmidlane som plan- og miljøutvalet disponerer i 2026.

Fyresdal kommune står framfor eit aukande behov for oppmålingar i åra som kjem. Dette heng mellom anna saman med stor aktivitet i kommunen, utviklingsprosjekt, bustad- og næringsutvikling og fleire saker der det er behov for rask og presis oppfølging frå kommunen si side.

Dersom kommunen ikkje har eigna utstyr, vil ein i større grad vere avhengig av ekstern bistand. Det vil kunne føre til høgare kostnader, mindre fleksibilitet og lengre sakshandsamingstid. Med nytt utstyr, kombinert med intern kompetanse og etterkontroll frå Tokke kommune, kan kommunen i større grad utføre oppmålingsarbeid sjølv. Dette vil gje betre kapasitet, meir fleksibel ressursbruk og betre kontroll med framdrifta i sakene.

Kommunedirektøren meiner dette er ei løysing som både tek omsyn til kvalitet, økonomi og praktisk gjennomføring. Avtalen med Tokke kommune gjer at kommunen får nødvendig fagleg kvalitetssikring, samstundes som kommunen kan nytte den kompetansen som allereie finst internt.

Kommunedirektøren vurderer at bruken av kr 100 000 av plan- og miljøutvalet sine investeringsmidlar til nytt landmålingsutstyr ligg godt innanfor formålet med midlane. Tiltaket er direkte knytt til utvalet sitt ansvarsområde, og vil bidra til å sikre betre tenester innan oppmåling og eigedomsforvaltning.

Konklusjon:

Kommunedirektøren vurderer at Fyresdal kommune har eit klart behov for nytt landmålingsutstyr. Eksisterande utstyr er utdatert, og kommunen treng moderne og funksjonelt utstyr for å kunne gjennomføre oppmålingsarbeid på ein tilfredsstillande måte.

Avtalen med Tokke kommune, som gjeld frå 1. juni 2026, gjev kommunen ei god løysing for nødvendig etterkontroll og kvalitetssikring. For at denne løysinga skal kunne nyttast effektivt, må kommunen samstundes ha eigna utstyr til å utføre sjølve oppmålingane.

Kommunedirektøren meiner difor at det er rett å nytte plan- og miljøutvalet sine investeringsmidlar for 2026 til innkjøp av nytt landmålingsutstyr.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunedirektøren rår plan- og miljøutvalet til å gjere slikt vedtak:

Plan- og miljøutvalet godkjenner at det blir nytta kr 100 000 av utvalet sine investeringsmidlar for 2026 til kjøp av nytt landmålingsutstyr. Bevillinga innarbeidast i 2. tertial.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk